



Kystvegen Ålesund – Bergen , c/o
Flora kommune, Markegata 51 –
6900 FLORØ

Statens Vegvesen region Vest
Askedalen 4
6863 Leikanger.

Florø 13.7.2010

Att: Regionvegsjef Olav Ellevset

Ferjefri kryssing av Sognefjorden


Vi er kjent med at vegvesenet har fått i oppgave å utgreie ferjefri kyststamveg der kryssing av Sognefjorden er sagt å være den største utfordringa. Vi vil då minne om at ferjefri kryssing av Sognefjorden har vore utgreia før og at det er fullt mogeleg å få til ei slik kryssing med det som i dag er kjend teknologi. Løysinga ligg i å krysse fjorden via Solund. Dette alternativet blei utgreia i samband med kyststamvegutgreiinga 1991. Ein rekna då med at ein måtte ned på bortimot 300m under havflata, noko som den gongen blei sett på som noko urealistisk. I dag er dette kjent djupne. Eiksundsambandet som blei opna i 2009 går ned på 287m under havet. Sognefjorden kan truleg kryssast på mindre djupne enn dette. I tillegg til ferjefri fjordkryssing, vil dette også gi fastlandssamband til Solund med dei positive verknadene det vil ha for øykommunen og for kystkommunane nord og sør for Sognefjorden. Samstundes vil det bli ei god løysing for Kystvegen Ålesund – Bergen som er tenkt å fylgje RV57 gjennom Gulen, Hyllestad og Fjaler. Ein må då akseptere at kyststamvegen også i Sogn og Fjordane kjem ut til kysten, i alle høve på eitt punkt, noko som elles på Vestlandet blei sett på som litt av poenget. Ved Stortinget si handsaming av stamvegplanen i 1994 blei det lagt lite vekt på framtidig ferjefri kryssing av Sognefjorden, truleg fordi ein på det tidspunktet såg dette som urealistisk.

Vi ynskjer ikkje å invitere til omkamp om kyststamvegtraseen. Det er fullt mogleg å kombinere den vedtekte veglinja med ferjefri kryssing via Solund. Stamvegutgreiinga av 1991 syner ei slik kombinasjonsløysing som dei kalla C3. Truleg kan det også finnast andre lokale løysingar som kan vere aktuelle. Vi konstaterer at det på fleire punkt langs E39 blir vurdert å gjere avvik frå den planlagde traseen, utan at ein dermed bryt med hovudtraseen som blei vedteken. Som vegvesenet er kjent med, er det vårt mål å få etablert ein ”kystveg” frå Bergen til Ålesund. I nabofylka nord og sør for oss vert det arbeidd med nye og interessante løysingar for ferjefrie samband, dels i kombinasjon med E39, dels utan å røre ved E39 traseen. Det bør også i Sogn og Fjordane vere mogeleg å sjå på slike løysingar utan å utfordre vedtekte stamvegstrategi. Vi vil oppmode Statens vegvesen om å utgreie alternativet via Solund som eit aktuelt alternativ for ferjefri kyststamveg.

Med helsing
For kystvegen Ålesund – Bergen

Bente Frøyen Steindal,
(styreleiar)

(sign)


Eivind Hjellum
(sekretær)

Kopi til Sogn og Fjordane fylkeskommune og kystvegkommunane.

Vedlegg: Kopi av kartblad 27 i stamvegutgreiing av 1991